


- Lever inn fiskekorta snarast!

11.09.2009



**Tysdag 15. september er siste fiskedag i Uskedalselva dette året og oppsynsmann Arne Terje Haugland (biletet) minnar om at fiskekort med fangstrapportar bør leverast så snart som mogeleg. Dei skal vidare til fylkesmannen i Hordaland.**

Dei som har fått konvoluttar for skjellprøver skal levera desse samstundes.

Haugland konstaterer at fiskesesongen har vore noko varierande i elva, men førebels har han ingen meining om korleis sluttresultatet vil bli.

Men det er teke ein god del fisk i år, også mot slutten av sesongen.

Det blir ikkje minst interessant å registrera om det er teke mykje oppdrettsfisk ettersom det ikkje har vore frigjeve for fangst av slik fisk i sjøen i år.

(Foto: Ola Matti Mathisen)